

Til Kultur- og kyrkjedepartementet
v/ Christine Hamnen
postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Fagernes 22.05 2008

UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv Fråsegn frå Bunad- og folkedraktrådet (BFR)

I samband med UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv, ber Kultur- og kyrkjedepartementet om innspel frå relevante miljø om korleis konvensjonen best kan implementerast, korleis arbeidet med immateriell kulturarv i Norge bør samordnast og kva slags kulturytringar ein bør fokusera på.

Bunad- og folkedraktrådet (BFR) sitt formål er å fremje, verne og vidareføre bruk og tilverking av bunader og folkedraktar i Noreg, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særegne kvalitetar. Høyringssvaret vårt er vinkla ut frå vårt fagfelt.

BFR dokumenterar folkeleg draktskikk, formidlar og gjev råd innanfor det bunad- og folkedraktfaglege området. Folkedraktene var kledda bygdefolk brukte i det førindustrielle samfunnet, medan bunad er høgtidsplagg som i større eller mindre grad er ei gjenopptaking av desse draktene. Sidan folkedraktene er gått ut av bruk, omfattar konvensjonen om immateriell kulturarv på vårt fagfelt fyrst og fremst bunad.

1. På kva slags måte kan UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv best implementerast i Norge?

UNESCO sitt mål for den immaterielle kulturarven er å auka kunnskap, respekt og medvit om den immaterielle kulturarven. Hovudperspektivet er retta mot kunnskapen i å utføre/framføre immateriell kulturarv. Vi tykkjer at dette lyt skje ved å rette merksemda og auka ressurstilgang til arbeidet med dokumentasjon og formidling til institusjonane på feltet.

Innan vårt fagfelt har ein tradisjonelt fokusert på bevaring av gammalt draktmateriale. Tilvirkninga og bruken av bunader i dagens samfunn har fått mindre oppmerksomheit. Bunadfeltet kan sjåast frå to perspektiv, der produksjonen med tilhøyrande teknikkar i fyrste rekkje vil gå under "tradisjonelt handverk", medan bruken er knytt til "sosiale skikkar, rituale og høgtidsfestar" (jf. konkretiseringa av kva immateriell kulturarv inneber).

Handverk

Sjølv om folkedraktene har gått ut av bruk, vidareførast ei rekkje av handarbeids-teknikkane i dag gjennom tilverking av bunad. Det må leggjast til rette for at den handlingsborne kunnskapen knytt til framstilling av gjenstandsmateriale vidareførast. Ein må ta vare på dei teknikkane frå folkedraktene som vidareførast i bunadane, og arbeide for å revitalisere fleire handarbeidsteknikkar. I tillegg har bunadane skapt

Bunad- og folkedraktrådet, post@bunadraadet.no tlf. 61 36 62 50 fax 61 36 62 |



eigne tradisjonar, som uavhengig av likskap til folkedraktmaterialet, må takast vare på. Registrering av draktmateriale er *ein* metode for å gjere dette.

BFR driv eit omfattande registreringsarbeid av draktmateriale og teknikkar brukt i draktplagg, og vi har registreringar, fotografi og filmopptak som dokumenterar tilverkningsprosessar. Gjennom gjenstandsanalyse kan vi også seie noko om produksjonsmåtar - og vi arbeider for å revitalisere desse (td. gamle saumteknikkar). Vi driv eit kontinuerleg arbeid for å registrere produsentar innanfor feltet, og arbeider med ein terminologi for tekstile framstillingsteknikkar. Grunnforskning av denne typen er ei forutsetning for å kunne utføre og framføre immateriell kulturarv. BFR ønskjer t.d. å samarbeide med Norsk Handverksutvikling på dette feltet.

Tradisjonelle handverk- og handarbeidsteknikkar bør i aukande grad koma inn i læreplanar på grunnskulenivå. I vidaregåande opplæring må det satsast meir, og kan hende på nye måtar. Her er det viktig å danne nettverk med utdanningsinstusjonar og musea som sit med regional tilnærming i dag og i fortida, og driv formidling for framtida om og i regionane.

Bunadtilvirkarfaget er eit eige fag. BFR driv saman med Folkekulturforbundet, NHU og andre aktørar, *Bunadopplæringa*. Her får deltagarane ei brei innføring i praktisk bunadsaum og gamle teknikkar knytt til folkedraktmaterialet. Dette er eit desentralisert vaksenopplæringskurs gjennom 3 år. Her skjer kunnskapsoverføringa i stor grad gjennom ein praktisk læresituasjon. Målgruppene er ikkje inne i det offentlege grunnskulesystemet, dei er med ut i frå eigen interesse.

Uttrykk for kulturell identitet

Saman med folkemusikk, folkedans og folkekunst, er bunadsarbeidet ein del av revitaliseringsrørslene i Noreg. Å lage og bruke bunad som kulturell ytring har hatt eit variert innhald gjennom 100 år, men det har heile tida vore eit uttrykk for kulturell identitet. Her finst ei rekkje organisasjonar som driv med denne type aktivitetar, til dømes Noregs Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk Folkedraktforum og Landslaget for spelemenn.

Dei tyngste og mest vernefokuserte områda har også sine spesifiserte faginstusjonar: Folkemusikken og folkedansen har Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF), og bunadfeltet har BFR. Innan folkekunstfeltet er det hovedsakeleg musea og nokre få utdanningsinstusjonar.

Bunad som kulturuttrykk vert mellom anna formidla gjennom vidareutdanninga Drakt og Samfunn som er eit delemne i på bachelornivå ved NTNU (30 + 30 st.p). Drakt og Samfunn drivast i samarbeid med BFR. Emnet gjev basiskunnskap om lokale folkelege drakttradisjonar i Noreg, sett inn i ålmenne kulturhistoriske rammer. Denne kunnskapen dannar grunnlaget for innføring i dei ulike formene for fornying av drakttradisjonane som har funne og som stadig finn stad gjennom bunadsrørsla. Dette bør på sikt utviklast vidare til eit større studium, for å gje kompetanse i arbeidet med drakt som del av den folkelege kulturarven i samfunnet. Høgskulen i Oslo og Høgskulen i Telemark kan her vere aktuelle samarbeidspartar.

Bunad- og folkedraktrådet, post@bunadraadet.no tlf. 61 36 62 50 fax 61 36 62 2

51

frå 1.01.2008 del av Valdresmusea as, Tynvegen 27, 2900 Fagernes, tlf. 61 35 99 00
org.nr. 990 209 081 info@valdres.museum.no www.valdres.museum.no



Institusjonane har fyrst og framst kunnskap *om* denne ”ytringsarven”, medan organisasjonane i større grad har og kan formidle kunnskap *i* denne kulturarven ved at ein der tek del i nettopp dette. Her er og samarbeidet med dei frivilljuge, som er i direkte tradisjon innan ytringa, viktige.

Styrking av fagleg arbeid

Ei forutsetning for at dokumentasjon og formidling av immateriell kulturvern skal lykkast, er at denne type fageleg arbeid innanfor institusjonane styrkast. Det er særskilt viktig at institusjonar som musea, BFR og RFF både har kunnskap *om* og kunnskap *i* immateriell kulturvern. Det trengs støtteordningar for å ta vare på det faglege arbeidet i institusjonane, som igjen vil sikre kompetanseutvikling, utdanning og opplæring på alle nivå.

2. Korleis bør arbeidet med immateriell kulturarv i Norge samordnast?

Det breie spekteret av immateriell kulturarv vert teke vare på av ulike aktørar. Rådet for folkemusikk og folkedans og Norsk Handverksutvikling representerar ulike delfelt. BFR står *mellom* dei, då vi både er sentrale aktørar på handverksdelen og på ytringsarven. Med nasjonalt nettverk for drakt og tekstil vil BFR også representere eit større nettverk som omfattar museum, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar (NGO).

Ei felles referansegruppe for desse tre, og eventuelt folkekunst, vil vere teneleg for ei utgreiing om feltet og felles dokumentasjons- og formidlingsstrategiar.

3/4. Kva slags kulturytringar må vere med i ei samla oversikt over immateriell kulturarv i Norge? Kva slags detaljeringsnivå bør ei slik oversikt vere på?

Ein treng eit oversyn over dei mest sentrale aktørane på feltet og deira arbeidsfelt. Rammene i konvensjonen er tilstrekkeleg som avgrensing. Eit slikt oversyn kan lagast gjennom ei utgreiing der representantar frå Bunad- og folkedraktrådet, Norsk handverksutvikling og Rådet for folkemusikk og folkedans kunne vera med i ei referansegruppe.

I tillegg trengs ein oversikt der organisasjonar, institusjonar og einskildpersonar som arbeider med immateriell kulturarv presenterar sine kulturytringar. Ein bør då ta med både framstillingsmetodane, uttrykka, tilhøyrande gjenstandar og bruk av desse.

Listene vil tene både til forståelse for kva immateriell kultur kan vera og ei syneleggjerning av kven som arbeider med dette. Oversiktane bør vere tilgjengeleg for allmennheten via internett.

BFR ser fram til eit vidare samarbeid om arbeidet for å framme den immaterielle kulturarven i Noreg – og ser at Noreg og har eit ansvar internasjonalt i å bidra i ein større samanheng innan dette feltet – kan hende vi og har litt å lære av andre?

For Bunad- og folkedraktrådet/Valdresmusea

Anne Kristin Moe
Seksjonsleiar

Torveig Dahl
Direktør

Bunad- og folkedraktrådet, post@bunadraadet.no tlf. 61 36 62 50 fax 61 36 62 51

frå 1.01.2008 del av Valdresmusea as, Tynvegen 27, 2900 Fagernes, tlf. 61 35 99 00
org.nr. 990 209 081 info@valdres.museum.no www.valdres.museum.no



Sign

sign.

Bunad- og folkedraktrådet, post@bunadraadet.no tlf. 61 36 62 50 fax 61 36 62 4

51

frå 1.01.2008 del av Valdresmusea as, Tyinvegen 27, 2900 Fagernes, tlf. 61 35 99 00
org.nr. 990 209 081 info@valdres.museum.no www.valdres.museum.no